

Høyring - NOU 2008:7 Kulturmomsutvalget

Lotteri- og stiftelsestilsynet vil i dette høyringsinnspillet ikkje kommentere forslaget om utviding av meirverdiavgiftsgrunnlaget på kultur- og idrettsområdet. Vi vil her berre kome med merknader til punkt 6.3 og 13.4 ut frå vår erfaring med forvaltning av kompensasjonsordninga til frivillige organisasjonar for meirutgifter som følgje av meirverdiavgiftsreforma i 2001.

Stortinget har i statsbudsjettet for 2008 løyvd kr 187 320 000 til mva-kompensasjon til utbetaling i 2008. Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) forvaltar ordninga i 2008 for fjerde året på rad.

Det rettslege grunnlaget for tildeling av meirverdiavgiftskompensasjon for 2007 er gitt i retningslinjer fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) 12. mars 2008 med heimel i Stortingets budsjettvedtak for 2008.

Søkarorganisasjonar

Vi viser til forklaringa av kompensasjonsordninga i NOU 2008:7 punkt 6.3, og til dei kommentarar som er gitt i punkt 13.4.

For organisasjonar som består av fleire organisasjonsledd skal søknaden fremmast av organisasjonens sentrale ledd på vegne av heile organisasjonen, i følgje retningslinjene for ordninga punkt 5-1.

Talet på søknader har vore på mellom 400-500 dei tre åra LS har hatt ansvaret for ordninga. Søkarorganisasjonane er i all hovudsak landsdekkande organisasjonar med regionale og lokale lag, der sentralleddet enten søker dokumentert for sentralledd og underledd, berre for sentralleddet, eller sjablon for heile organisasjonen. Når sentralleddet søker for heile organisasjonen er det, jf retningslinjene punkt 6-6, ein føresetnad om at kompensasjonen skal fordelast internt i organisasjonen ut frå antatt omfang av meirutgifter.

LS kunngjer ordninga i landsdekkande og regionale aviser, og på KKD sine nettsider under frivillig.no. Vidare kan søknadsskjema, retningslinjer og anna informasjon om ordninga finnast på LS si nettside. Vi sender også ut søknadsskjema og retningslinjer i forkant av søknadsfristen til alle organisasjonar som fekk tildelt kompensasjon året før eller fikk søknaden avvist fordi dei søkte for seint.

Det er i all hovudsak dei same organisasjonane som søker kvart år. Dette gjer til at vi har opparbeidd god erfaring i handsaming av søknader frå desse organisasjonane.

Vi ser av sakshandsaminga at mange organisasjonar berre søker dokumentert på vegne av sentralleddet. Dette kan f.eks. bety at underledd ikkje har hatt utgifter som kan kompensast av ordninga, dårleg kommunikasjon frå sentralleddet til underledd om korleis organisasjonen vil søkje, eller at organisasjonen ikkje meiner det er arbeidet verdt å søkje også for underledd.

Dokumentert og sjablonsøknad

Vi vil under dette punktet i hovudsak ta med nokre innspel som også er teke med i evalueringsrapporten av kompensasjonsordninga for rekneskapsåret 2006 frå Lotteri- og stiftelsestilsynet til KKD 11.1.2008.

Slik regelverket er no kan alle organisasjonar søkje dokumentert, men det er nærare avgrensa kven som kan søkje på sjablon. I dagens retningslinjer punkt 5-1, 4. avsnitt er det slått fast at *”Alle organisasjoner kan, og bør så langt det er mulig, søke på grunnlag av dokumenterte utgifter. Stiftelser eller andre organisasjoner som har ett samlet årsregnskap kan kun søke på grunnlag av dokumenterte utgifter. For å kunne søke på grunnlag av sjablonutdeling må organisasjonen ha lokale eller regionale lag med selvstendig økonomisk virksomhet.”*

Kompensasjon på grunnlag av dokumenterte utgifter gir slik vi ser det oftast eit betre uttrykk for dei reelle meirutgiftene til organisasjonane som har søkt på vegne av heile organisasjonen med regionale og lokale lag, i forhold til søkerar på sjablonordning. Tildelingsbeløp etter sjablonordninga er berre ei estimert utrekning av mva-utgifter for organisasjonane, men desse vil bli meir riktige dess fleire som søker dokumentert, fordi det då blir eit sikrere grunnlag for sjablonutrekninga. Dette ettersom søknadsbeløpet og driftskostnadane for søkerar på dokumentert grunnlag er eit utgangspunkt for kva søkerar på sjablonordninga får tildelt. Usikkerheita i sjablontala blir størst i kategoriar med få søkerar. Ein del organisasjonar får meir ved å søkje under sjablonordninga enn kva dei reelt har hatt i mva-utgifter.

Dokumenterte søknadar medfører meir arbeid for kompensasjonsforvaltar i den første delen av sakshandsaminga, medan sjablonsøknadar medfører meir arbeid, og meir kostnad, i siste del av sakshandsaminga der Institutt for Samfunnsforskning (ISF) har hjelpt til med utrekning av tildelte beløp.

I retningslinjene for ordninga punkt 5-1 er det uttrykt at *”alle organisasjoner kan, og bør så langt det er mulig søke på grunnlag av dokumenterte merutgifter”*. Denne oppmodinga er også gjenteke i søknadsskjema.

Det kan vere eit problem i forhold til dei som søker dokumentert at nokre organisasjonar berre søker på vegne av sentralleddet og at dei regionale og lokale underledda då ikkje får kompensasjon for sine mva-utgifter. Det er sjølvsagt ikkje eit mål at organisasjonar som tidlegare har søkt sjablon skal gå over til å søkje dokumentert for berre sentralleddet dersom underledda også har hatt betydelege mva-utgifter som kunne ha vore kompensert av denne ordninga. Usikkerheit for organisasjonane omkring kva tenesteutgifter som går inn under ordninga kan også

medføre at ikkje all relevant meirverdiavgift blir kompensert ved ein dokumentert søknad.

Organisasjonar med fleire årsrekneskap vil ofte kunne ha problem med å søkje dokumentert for heile organisasjonen. Det har blitt sett på som viktig å behalde sjablonmodellen som ein moglegheit med låg terskel for desse organisasjonane til å søkje mva-kompensasjon. Når ein del av desse organisasjonane, parallelt med sjablonsøknad til LS, likevel internt innhentar oversikt over dei dokumenterte mva-utgiftene med tanke på vidarefordelinga til dei lokale og regionale ledda etter pkt. 6-6 i retningslinjene, kan dette likevel tyde på eit svekka behov for å oppretthalde sjablonordninga.

LS meiner det er ein svakheit ved sjablonmodellen at den ikkje tek omsyn til om ein organisasjon som søker dokumentert har eitt eller fleire regionale eller lokale ledd, og om organisasjonen søker for eitt eller fleire av desse ledda. I dei tilfella der sentralleddet i ein organisasjon med fleire ledd berre søker på vegne av sentralleddet, fører dette til at desse organisasjonane får eit lavt forholdsmessigheitstal mellom driftskostnadar og tildelingsbeløp. Sjablonmodellen tar, slik LS ser det, ikkje omsyn til om det berre blir søkt på vegne av sentralleddet, og dette kan slå særleg skeivt ut i kategoriar med få søkarar. Sjablonsøkarar i desse kategoriar kan dermed få tildelt mindre i kompensasjon enn dei reelle utgiftene i heile organisasjonen skulle tilseie.

Oppsummert er det både fordelar og ulemper med både dokumentert og sjablon ordning.

Tenestene ordninga omfattar og problemstillingar i forhold til kva tenester som vart lagt meirverdiavgift på i 2001

Tenestene som det kan søkjast kompensert meirverdiavgift for er tenester som vart lagt meirverdiavgift på ved meirverdiavgiftsreforma i 2001. Tenester som vart lagt meirverdiavgift på før eller etter reforma kan ikkje søkjast kompensert.

Dei mest aktuelle tenestene for dei frivillige organisasjonane er rekneskapstenester, revisjonstenester, advokattenester, porto, innanlands persontransport med fly og konsulenttenester (blant anna administrativ, økonomisk, organisatorisk og teknisk bistand og rådgiving).

Eit problem er at ein del konsulenttenester var lagt meirverdiavgift på før 2001, og skal såleis ikkje inngå i kompensasjonsgrunnlaget. Det er ikkje alltid enkelt å finne ut om konkrete tenester var meirverdiavgiftspliktig før 2001. Det er ein del grensetilfelle som det kan vere vanskeleg å finne ut av. Mange revisorar og organisasjonar ringjer oss eller kontaktar oss skriftleg i forkant av innsending av søknad for å få avklaring. Vi har i ein del saker oppdaga at revisor har gått god for utgifter til tenester som er utanfor ordninga, dette har då blitt retta opp av LS i dei sakene vi klart ser at det er gjort feil.

I evalueringsrapporten til KKD av 11.1.2008 gjorde LS framlegg om å utvide ordninga til også å omfatte overnattingstenester (avgiftsbelagt frå 1.9.2006) og alle persontransporttenester innanlands (avgiftsbelagt frå 1.3.2004). Bakgrunnen

for framlegget har vore innspel frå referansegruppa av frivillige organisasjonar frå Frivillig Norge, og mange innspel og førespurnader frå søkarorganisasjonane. Det har vist seg at organisasjonane ofte har samla reisefakturaer der det ikkje er spesifisert for dei ulike typane persontransport og overnatting. Dette kan føre til at dei ikkje kan dokumentere og få kompensert innanlands meirverdiavgift på persontransport med fly, som er innanfor kompensasjonsordninga (innført 0%sats ved mva-reforma i 2001).

Framlegget frå LS til KKD har ikkje medført endringar i retningslinjene for 2008.

Forvaltning av dagens ordning kostar 782 000 kr årleg, jf. St. prp. nr. 1 (2007-2008) for KKD.

Ny varig kompensasjonsordning

LS vil vere interessert i å forvalte ei framtidig varig kompensasjonsordning. Tilsynet har eit sakshandsamarmiljø som kjenner frivilligheits-Norge. Dei administrative løysingane som er bygt opp er effektive og kan tilpassast for forvaltning av andre former for kompensasjonsordning.

Det er mogleg det kan være fornuftig å knytte sakshandsaminga opp mot Frivilligheitsregisteret slik at ein kan nytte noko av den dokumentasjonen som vil bli registrert der. I kva grad dette vert effektivt vil, slik utvalet er inne på, vere avhengig av korleis registeret vert utforma både innhaldsmessig og teknisk. Dagens forvaltningskostnad, jf. ovanfor, er likevel såpass moderat at ein ikkje bør forvente at ei kopling mot frivilligheitsregisteret skal medføre monalege innsparingar på dette området.

Med helsing

Atle Hamar
direktør

Stig Starheim
fung. avdelingsdirektør

Kopi: Kultur- og kyrkjedepartementet